


Læreplan i norsk for vaksne innvandrarak

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 20. juni 2021 med heimel i lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) § 30



INNHALD

1. OM FAGET	3
FAGRELEVANS OG SENTRALE VERDIAR	3
SPRÅKKOMPETANSE OG SPRÅKLÆRING	3
2. KARTLEGGING OG ORGANISERING AV OPPLÆRINGA	4
KARTLEGGING OG VURDERING	4
ORGANISERING OG TILRETTELEGGING AV OPPLÆRINGA.....	4
RAMMER FOR OPPLÆRINGA.....	5
3. KJERNEELEMENT	5
SPRÅKLÆRINGSSTRATEGIAR	5
RESEPSJON	5
PRODUKSJON.....	6
SAMHANDLING	6
MEDIERING	6
4. TVERRFAGLEGE TEMA	6
FOLKEHELSE OG LIVSMEISTRING	7
DEMOKRATI OG MEDBORGARSKAP	7
5. GRUNNLEGGANDE FERDIGHEITER	7
DIGITALE FERDIGHEITER	8
Å KUNNE REKNE	8
6. NIVÅ OG KOMPETANSEMÅL	9
GRUNNOPPLÆRING I LESING OG SKRIVING	9
KOMPETANSEMÅL FOR NIVÅ A1 (BASISBRUKAR)	11
KOMPETANSEMÅL FOR NIVÅ A2 (BASISBRUKAR)	13
KOMPETANSEMÅL FOR NIVÅ B1 (SJØLVSTENDIG BRUKAR).....	16
KOMPETANSEMÅL FOR NIVÅ B2 (SJØLVSTENDIG BRUKAR).....	18
7. VURDERINGSORDNINGAR	21
NORSKPRØVEN	21
KJENNETEIKN VED SPRÅKET PÅ DEI ULIKE NIVÅA	21
8. GYLDIGHEIT OG INNFØRING	24

1. Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Læreplan i norsk for vaksne innvandrere er ei forskrift til lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) og skal brukast i opplæring for deltakarar med rett og plikt eller plikt til norskopplæring etter denne lova. Formålet med integreringslova er at innvandrere tidleg blir integrerte i det norske samfunnet og blir økonomisk sjølvstendige. Lova skal bidra til at innvandrere får gode norskkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og ei varig tilknytning til arbeidslivet. Rett og plikt til opplæring i norsk er regulert i integreringslova og i forskrift til integreringsloven (integreringsforskrifta).

Faget norsk for vaksne innvandrere skal saman med faget samfunnskunnskap gjere vaksne innvandrere best mogleg rusta for kvardagsliv, utdanning og arbeidsliv i Noreg. Faget skal bidra til at dei lærer språket dei treng for å ta aktivt del i det norske samfunnet, skape seg gode liv og bidra med sine ressursar. For dei fleste vil dette språket vere norsk munnleg og skriftleg, men for enkelte kan det vere norsk teiknspråk i staden for norsk munnleg. Faget skal legge grunnlag for bruk av det norske språket til livslang læring og til å delta i eit arbeidsliv som er i stadig endring, og som stiller høge krav til språkleg og digital kompetanse.

Gjennom arbeidet med faget skal vaksne innvandrere lære å bruke det norske språket til å skape mening, samhandle med andre og uttrykke tankar, synspunkt og idear. Dermed opnar faget for deltaking i demokratiske prosessar, engasjement og kritisk tenking. Kompetansen og erfaringane dei har med seg, ulik kulturell bakgrunn og fleirspråklege ressursar skal anerkjennast og danne grunnlag for vidare læring.

Språkkompetanse og språklæring

Læreplanen i norsk for vaksne innvandrere bygger på synet på kommunikasjon og språklæring i Det felles europeiske rammeverket for språk. Rammeverket legg til grunn at språk blir utvikla gjennom deltaking i kommunikasjon og samhandling i varierte og meningsfulle samanhengar. Beskrivingane av dei ulike språknivåa i rammeverket er derfor uløseleg knytte til samhengane eller interesseområda språket blir brukt i, og som i rammeverket er omtalte gjennom omgrepet domene. I læreplanen blir denne domenetenkinga spegla i dei tverrfaglege temaa, nivåbeskrivingane og kompetansemåla.

Læreplanen deler i tillegg kompetanseomgrep med grunnopplæringa. Kompetanse er forstått som det å kunne tileigne seg og bruke kunnskapar og ferdigheiter til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber å forstå og ha evne til refleksjon og kritisk tenking.

For deltakarane handlar kompetanse i norsk på denne måten om korleis dei klarer å bruke språket til å meistre utfordringar og løyse oppgåver i kjende og ukjende samanhengar, både i og utanfor opplæringa. For å lykkast med dette må deltakarane kunne bruke norskferdigheitene saman med andre kunnskapar og ferdigheiter dei har, og i samspel med ressursar i omgivnadene og med andre menneske. Denne kompetansen blir utvikla best gjennom at deltakarane får hjelp til å reflektere over og systematisere erfaringar dei gjer seg med språket i og utanfor opplæringa, og at dei får utvikle og prøve ut eit spekter av strategiar for å

bruke og lære norsk i desse samanhengane. I tråd med kompetanseomgrepet blir dermed refleksjon og kritisk tenking rundt erfaringar deltakarane gjer seg med språket, ein sentral del av språklæringsarbeidet.

2. Kartlegging og organisering av opplæringa

Kartlegging og vurdering

For at opplæringa skal bli effektiv, må ein ta utgangspunkt i kva erfaringsbakgrunn, behov, ressursar og framtidsplanar deltakarane har. Det krev at kvar enkelt deltakar blir kartlagd før og undervegs i opplæringa.

Tidlegare skolegang, erfaring med skrift, og andre språk dei har lært, kan ha mykje å seie for kva arbeidsmåtar og norskmål som er relevante for deltakarane. Det same gjeld den språktypologiske avstanden mellom språk som deltakaren kan frå før, og norsk. Mellom anna er det viktig å få kjennskap til kva erfaring deltakarane har med det latinske alfabetet, slik at ein kan ta omsyn til det i opplæringa. Kartlegginga bør også få fram kva mål deltakarane har med å lære norsk på kort og lang sikt, kva for arbeidserfaring og digitale ferdigheiter dei har, og helse- og livssituasjonen deira, deriblant syn og høyrsel.

Konkrete og systematiske tilbakemeldingar til deltakarane undervegs i opplæringa, der det går fram både kva deltakarane meistrar, og kva dei bør øve meir på, verkar bevisstgjerrande og motiverande. Slik undervegsvurdering gir også læraren eit grunnlag for å justere progresjon, arbeidsmåtar, innhald og mål for opplæringa undervegs i løpet.

Organisering og tilrettelegging av opplæringa

Dei verdiane og prinsippa som gjeld for opplæring etter opplæringslova, ligg også til grunn for norskopplæringa. Deltakarane skal møtast med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar og eit læringstrykk som fremmar motivasjon og læringsinnsats. Det er opp til den som tilbyr opplæringa, å organisere henne på ein slik måte at dei læringsføresetnadene, behova og måla deltakarane har, blir tatt vare på.

Opplæringa bør organiserast slik at deltakarane får inngå i læringsfremmande fellesskapar der dei saman med andre kan reflektere over felles erfaringar og utfordringar med språket. Organiseringa bør derfor bygge på kva deltakarane har til felles, slik at ein kan dra vekslar på dette i opplæringa. Ein del deltakarar vil kombinere norskopplæringa med praksis i arbeidslivet eller formell opplæring. Da vil det vere nyttig og motiverande å organisere opplæringa rundt desse aktivitetane og dei måla deltakarane har for vidare kvalifisering og arbeid. Dei fleirspråklege ressursane deltakarane har, og moglegheitene som ligg i digital teknologi, bør utnyttast i organiseringa og tilrettelegginga av opplæringa.

I forskrift til integreringsloven § 28 (integreringsforskrifta) er det fastsett rettleiande minimumsnivå i norsk for ulike deltakarar. Minimumsnivået utgjer norskmålet til deltakaren og skal fastsettast i norskplanen hans/hennar, jf. integreringslova §§ 31 og 34. Varigheita av opplæringa for dei ulike gruppene er fastsett i integreringslova § 32. I tråd med § 27 i integreringsforskrifta skal norskmålet til deltakaren tilsvare det rettleiande minimumsnivået eller høgare, men norskmålet kan justerast opp eller ned ut frå progresjonen til deltakarane.

Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at deltakaren oppnår minimumsnivået.

Rammer for opplæringa

Deltakarar i opplæringa skal oppnå eit minimumsnivå i norsk, jf. integreringslova § 31. Det er ikkje lenger eit visst antal timar som skal gjennomførast, men undervisning i eit omfang som gjer at deltakaren oppnår minimumsnivået. Minimumsnivået utgjer norskmålet til deltakaren og skal fastsettast i norskplanen hans/hennar, jf. integreringslova §§ 31 og 34. Rettleiande minimumsnivå i norsk for ulike grupper deltakarar er fastsette i integreringsforskrifta § 28. Gruppeinndelinga er basert på utdanningsbakgrunn. Det generelle rettleiande minimumsnivået er B1 i alle delferdigheiter. Norskmålet til deltakaren skal tilsvare det rettleiande minimumsnivået eller høgare, men kan justerast opp eller ned ut frå progresjonen til deltakaren, jf. integreringsforskrifta § 27. Opplæringa skal tilpassast den enkelte, og det er først når det ligg føre forhold som det ikkje kan tilpassast for, at norskmålet kan settast ned. Varigheita av opplæringa for dei ulike gruppene er inntil tre år eller 18 månader med tillegg av godkjend permisjon, jf. integreringslova § 32.

3. Kjerneelement

Det vi kallar kjerneelementa, er dei viktigaste elementa i opplæringa. I denne læreplanen er kjerneelementa språklæringsstrategiar, resepsjon, produksjon, samhandling og mediering. Kjerneelementa viser på kvar sin måte korleis ein må kombinere ulike språkferdigheiter og strategiar for å utvikle og bruke språket i kjende og ukjende kommunikasjonssituasjonar. Til saman skal dei gi retning og skape samheng i arbeidet med kompetansemåla på tvers av språkferdigheiter og nivå.

Språklæringsstrategiar

Kjerneelementet språklæringsstrategiar handlar om å bruke varierte strategiar for å lære og prøve ut språk i ulike samanhengar og i eit livslangt perspektiv. Deltakarane skal mellom anna kunne trekke vekslar på sine eigne fleispråklege og fleirkulturelle ressursar i språklæringa. Dei skal kunne samanlikne norsk med andre språk dei kan, bruke kunnskapar om språket som system og ha ei kulturell forståing for korleis språk blir brukt i ulike samanhengar. Dei skal også kunne støtte seg på omgivnadene, på digital teknologi og på menneske dei har rundt seg, i prosessen med å lære og prøve ut språket.

Resepsjon

Kjerneelementet resepsjon handlar om det å motta, bearbeide og forstå tekst og munnleg kommunikasjon. Resepsjon kan vere å lytte eller lese, eller begge delar i kombinasjon. Deltakarane skal utvikle lese- og lyttestrategiane dei treng for å forstå munnleg og skriftleg norsk i ulike samanhengar, mellom anna strategiar for å handtere dialektar og målformer dei møter i dagleglivet. Det vil ofte vere glidande overgangar mellom lytting og lesing, for eksempel når kommunikasjonen skjer heilt eller delvis på digitale flater. Resepsjon omfattar også det å vurdere si eiga forståing og å ta imot og bearbeide informasjon på ein reflektert og kritisk måte.

Resepsjon inkluderer for eksempel det å bruke strategiar for å forstå munnlege instruksjonar som inneheld ukjende ord, leite etter og forstå spesifikk informasjon i ein tekst eller lese informasjon på nettet og vurdere han kritisk.

Produksjon

Kjerneelementet produksjon handlar om å uttrykke seg munnleg og skriftleg i ulike samanhengar og med ulike formål og å formidle budskapar på ein forståeleg måte. Det vil ofte vere glidande overgangar mellom munnleg og skriftleg tekst, for eksempel når kommunikasjonen skjer heilt eller delvis på digitale flater. Produksjon omfattar også det å kunne vurdere kva krav ulike samanhengar stiller til språk og kommunikasjonsform, og å bruke strategiar for å møte desse krava.

Språkleg produksjon blir mellom anna brukt når ein fortel om seg sjølv, held ein presentasjon eller skriv ein rapport, og kan involvere ulike språkhandlingar som å beskrive, forklare og drøfte. Det inkluderer også å bruke strategiar for å gjere seg forstått, veksle mellom formelt og uformelt språk og kombinere uttrykksformer som tekst, bilete og munnlege beskrivingar.

Samhandling

Kjerneelementet samhandling beskriv kommunikasjonssituasjonar der to eller fleire partar må samarbeide språkleg for å forstå kvarandre og skape felles mening. Det inneber ofte at ein må kombinere resepsjon og produksjon, og kan skje både munnleg og skriftleg. Det er sentralt at alle partar er aktive, for eksempel ved å bidra med ny informasjon, be om oppklaring eller berre markere forståing, einigheit eller ueinigheit. Deltakarane skal utvikle norskferdigheiter og strategiar som gjer dei i stand til å samhandle i relevante situasjonar og medium i dagleglivet. Språkleg samhandling skjer mellom anna i samtalar, e-postutveksling og chat, og kan involvere ulike språkhandlingar som for eksempel informasjonsutveksling og diskusjon.

Mediering

Kjerneelementet mediering beskriv det å aktivt legge til rette for kommunikasjon der målet er å komme fram til eller formidle innhald og innsikt. Mediering skjer innanfor same språk eller på tvers av språk, og inkluderer det å legge til rette for forståing og vellykka kommunikasjon mellom menneske med ulik bakgrunn. Deltakarane skal kunne bearbeide og formidle vidare munnleg, skriftleg eller visuelt innhald, noko som krev ein kombinasjon av resepsjon, produksjon og ofte også samhandling.

Mediering kan vere å omsette eller forklare eit innhald til andre. Det kan også vere å fortelje om noko som har skjedd på jobb, omsette og forklare ein meny på tvers av språk og kultur eller å ta notat frå ein presentasjon til bruk i eige eller felles arbeid. På høgare nivå kan det også vere å formidle vidare hovudinnhaldet i komplekse tekstar og å kommentere innspel frå andre i ein diskusjon.

4. Tverrfaglege tema

Dei tverrfaglege temaa legg overordna tematiske rammer for norskopplæringa med utgangspunkt i sentrale samfunnsutfordringar. Gjennom at ein knyt norskopplæringa til dei tverrfaglege temaa, kan opplæringa bidra til at deltakarane får utvikle norskferdigheitene dei treng for å møte desse utfordringane, både i sitt eige liv og som ein del av fellesskapen.

Dei tverrfaglege temaa er felles for læreplanane i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og læreplanane i grunnopplæringa. Slik skal temaa bidra til at deltakarane opplever heilskap og tematisk samanheng mellom opplæringstilboda dei møter, og legge til rette for djupnelæring på tvers av dei.

Dei tverrfaglege temaa skal legge til rette for at tema frå samfunnskunnskapsfaget blir trekte inn i norskopplæringa og bearbeidde språkleg der. Deltakarane skal få erfaring med å inngå i meiningsbryting og perspektivmangfald på norsk, mellom anna gjennom å forklare, samanlikne, beskrive fordelar og ulemper og fremme kritiske perspektiv. Kva for tema og språkhandlingar det skal fokuserast på, må tilpassast norskferdigheitene til deltakarane, livssituasjonen deira og kva dei har behov for å bruke det norske språket til i kvardagen.

Folkehelse og livsmeistring

Temaet folkehelse og livsmeistring skal gi deltakarane høve til å utvikle norskferdigheiter, til å ta vare på familieliv og eigen og eventuelle barns psykiske og fysiske helse, til å ta gode helseval og til å ta vare på eigne behov og eigen økonomi. Det inneber mellom anna å ha norskferdigheiter til å halde seg informert om helserelevante tema, til å kommunisere rundt tankar, kjensler, erfaringar og behov og til å uttrykke eigen identitet. Temaet folkehelse og livsmeistring handlar også om kva for norskferdigheiter deltakarane treng for å ta vare på sin eigen livssituasjon i Noreg, gjennom deltaking i opplæring og utdanning, i arbeidslivet, i kultur- og fritidsaktivitetar, i kontakt med offentlege tenester og i ulike sosiale fellesskapar. Utviklinga går frå å kunne kommunisere i personlege og daglegdagse situasjonar på nivå A1 og A2 til å kunne kommunisere om meir abstrakte og generelle problemstillingar på nivå B1 og B2.

Demokrati og medborgarskap

Temaet demokrati og medborgarskap skal gi deltakarane høve til å utvikle norskferdigheitene dei treng for å delta i og vidareutvikle demokratiet. Det inneber å kunne bruke norsk språk til å skape mening, samhandle med andre, uttrykke synspunkt og idear og medverke aktivt i lokalsamfunn, jobb og utdanning/opplæring. Deltakarane skal utvikle norskferdigheiter som gjer det mogleg å halde seg informert om relevante tema knytte til sosiale, økonomiske, geografiske og miljømessige forhold i samfunnet og delta i samtalar og diskusjonar om desse temaa. Språkhandlingane kan vere henta frå konkrete og daglegdagse situasjonar på nivå A1 og A2. På nivå B1 og B2 skal deltakarane også kunne handtere meir allmenne tema.

5. Grunnleggande ferdigheiter

Opplæring i norsk for vaksne innvandrarak skal støtte og legge til rette for at deltakarane får bruke og utvikle vidare både digitale og munnlege ferdigheiter og grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning. For nokre av dei vil dette innebere å få norskferdigheiter til å kunne gjere seg nytte av dei grunnleggande ferdigheitene dei har med seg, i norskspråklege samanhengar, medan andre vil ha behov for tilrettelegging og systematisk arbeid med å utvikle grunnleggande ferdigheiter gjennom heile opplæringa.

I denne læreplanen er grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving og munnleg beskrivne gjennom kompetansemåla i språkferdigheitene lytte, lese, skrive og

munntleg. Rekning og digitale ferdigheiter har ikkje egne kompetansemål i læreplanen, men skal inngå der det er relevant for det språklege nivået til deltakarane og behovet dei har for å kommunisere på norsk.

Digitale ferdigheiter

Å bruke digitale ferdigheiter i faget norsk for vaksne innvandrarak inneber å bruke digitale ressursar til å samhandle, finne relevant informasjon, skape munnlege og skriftlege tekstar og utvikle og uttrykke eigen kompetanse i ein norskspråkleg samanheng. Digitaliseringa i samfunnet fører til endringar i måten vi les, skriv, reknar og kommuniserer på, og opplæringa i norsk må sette deltakarar som treng det, i stand til å handtere dette. Opplæringa skal bidra til å styrke den digitale dømmekrafta og strategiane for nettbruk og til å vurdere og bruke ulike digitale verktøy som støtte i kommunikasjon og læring av norsk. Opplæringa må tilpassast dei føresetnadene og behova deltakarane har, i tillegg til krav og utfordringar dei møter i omgivnadene sine.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i faget norsk for vaksne innvandrarak inneber å tileigne seg og kommunisere om matematisk informasjon i kvardagen og å ta i bruk rekning i kjende og ukjende samanhengar når dette skjer på norsk. Det inneber å kunne innhente matematisk informasjon på norsk, kunne kommunisere og argumentere for val som inneber rekning, og kjenne att og beskrive matematisk informasjon på norsk.


Arbeid med rekning i opplæringa skal ta utgangspunkt i kva behov deltakarane har for funksjonelle ferdigheiter i rekning på norsk, og må tilpassast dei føresetnadene og behova dei har, i tillegg til krav og utfordringar dei møter i omgivnadene sine.

6. Nivå og kompetansemål

Læreplanen beskriv fire av nivåa som er fastsette i Det europeiske rammeverket for språk: A1, A2, B1 og B2. I tillegg inneheld læreplanen grunnopplæring i lesing og skriving for deltakarar som har lite erfaring med skrift eller ikkje har lært å lese og skrive tidlegare. Desse måla blir rekna som delmål på veg til nivå A1 i desse ferdigheitene. Nivå C1 er utarbeidd som ein eigen læreplan og finst i lovdata.

Kompetansemåla i denne læreplanen beskriv mål for opplæringa innan språkferdigheitene munnleg, lytte, lese og skrive. Denne oppdelinga skal legge til rette for å jobbe konkret og målretta med kvar språkferdigheit ut frå det nivået deltakarane er på i dei ulike ferdigheitene. Samtidig skal deltakarane lære å bruke språkferdigheitene til å handtere utfordringar og oppgåver i kjende og ukjende samanhengar i kvardagen. Der det er naturleg og mogleg, skal ein derfor jobbe med ferdigheitene i eit naturleg samspel. Dette samspelet blir synleggjort gjennom kjerneelementa.

Utviklinga av norskferdigheitene går frå språk knytt til det personlege, umiddelbare og konkrete, mot fleire, meir abstrakte og offentlege kontekstar og tema. Språkutvikling inneber stadig større grad av nyanse og presisjon, og utviding av kva situasjonar og kontekstar språket kan brukast i.



Grunnopplæring i lesing og skriving

Grunnopplæring i lesing og skriving skal givast til deltakarar som har behov for å utvikle grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter til eit nivå der dei har utbytte av opplæring etter kompetansemåla i lesing og skriving på nivå A1. Dette er ofte deltakarar som har lite erfaring med skrift eller ikkje har lært å lese og skrive på noko språk.

Deltakarane skal parallelt få opplæring i munnleg norsk ut frå det nivået dei er på i munnlege ferdigheiter, men med arbeidsformer som ikkje krev lesing og skriving.

Arbeidet med lesing og skriving må ta utgangspunkt i samanhengar, tema og språk som gir mening og er forståelege for deltakarane. Det er derfor viktig at det er tematisk og språkleg samheng mellom grunnopplæringa i lesing og skriving, opplæringa deltakarane får i munnlege ferdigheiter, og eventuell anna opplæring og annan aktivitet dei deltar i. Det å lære å lese og skrive for første gong blir lettare om ein kan ta utgangspunkt i eit språk ein kjenner. Språka deltakarane har erfaring med, må derfor brukast aktivt i opplæringa.

Lese- og skriveførebuande mål og prosessar

Mål for opplæringa er at deltakaren skal få ei grunnleggande forståing av skrift og tal og nokre ferdigheiter og strategiar for å kunne nærme seg å bruke skrift i eiga opplæring og i dagleglivet.

Deltakaren skal kunne

- kjenne til og forstå funksjonen til nokre enkle relevante teksttypar i dagleglivet
- forstå betydninga av enkle illustrasjonar, bilete, piktogram, ikon og skilt i dagleglivet
- bruke konteksten som støtte for leseforståing
- kjenne til og bruke den norske lese- og skriveretninga
- skilje ut stavingar i enkle ord
- kjenne att norske fonem og kunne knyte saman fonem og grafem
- identifisere og skrive store og små bokstavar på papir og tastatur
- trekke lydar saman til kjende, lydrette ord
- skrive og lese kjende ord og enkle setningar med støtte, for eksempel ved bruk av bilete og lydstøtte
- forstå og bruke omgrep som er nyttige i lese- og skriveopplæringa
- kople talsymbol og mengde og bruke nokre matematiske omgrep om mengde, storleik, plassering og former
- skrive, lese og forstå bruken av tal i dagleglivet
- hjelpe andre med å forstå ord frå ein tekst ved å omsette til eit felles språk, peike på eit objekt eller mime ei handling
- diskutere med andre på eit felles språk forståinga av eit ord eller omgrep frå ein tekst

Grunnleggande lesing

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne lese og forstå enkle ord og svært enkle frasar og setningar når innhaldet er kjent, og når konteksten kan brukast som støtte for leseforståing.

Deltakaren skal kunne

- lese lydrette ord og nokre frekvente ikkje-lydrette ord
- kjenne att nokre kjende symbol og ord i svært enkle, autentiske tekstar i dagleglivet, for eksempel skilt, reklamar og animasjonar
- lese og forstå kjende ord og frasar i korte og svært enkle rutinemessige meldingar
- lese og forstå tal i dagleglivet, for eksempel prisar og tider
- lese og forstå svært enkle setningar og tekstar med støtte i kontekst og der innhaldet er kjent

- kjenne att ikon og gjere relevante val i appar, på automatar og på enkle nettsider det er behov for i dagleglivet, eventuelt med støtte
- bruke nokre enkle lesestrategiar for å lese og forstå ord og korte tekstar
- lese og formidle vidare munnleg svært enkel og relevant skriftleg eller visuell informasjon i for eksempel reklame, animasjonar eller plansjar ved hjelp av sitt fleirspråklege repertoar

Grunnleggande skriving

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne kommunisere skriftleg med nokre kjende ord og svært enkle frasar på ein forståeleg måte.

Deltakaren skal kunne

- skrive tal, kjende lydrette ord og nokre høgfrekvente ikkje-lydrette ord
- bruke enkeltord og nokre korte frasar til å skrive om noko ein ser, for eksempel ein situasjon, ein film eller eit bilete
- skrive og svare på svært enkle, rutinemessige meldingar
- kommentere på ein svært enkel måte innlegg på sosiale medium ved hjelp av symbol, enkeltord eller enkle frasar
- fylle inn nokre personlege opplysningar på riktig stad i eit svært enkelt skjema, digitalt og på papir
- skrive ved bruk av tilpassa dataprogram og appar
- bruke nokre enkle skrivestrategiar for å skrive enkle ord og frasar

Kompetansemål for nivå A1 (basisbrukar)

Nivåbeskriving A1

På nivå A1 kan deltakaren forstå og bruke kjende, daglegdagse uttrykk og svært enkle utsegner om seg sjølv og det kjende og nære. Deltakaren kan delta i svært enkle, kjende samhandlingssituasjonar dersom samhandlingspartnarane tilpassar språket og er støttande.

A1 lytte

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne forstå kjende ord og frasar og svært enkle setningar om kjende, daglegdagse emne når det blir brukt eit svært enkelt språk i langsam, svært tydeleg artikulert tale. Deltakaren kan ha behov for kontekstuell støtte.

Deltakaren skal kunne

- kjenne att og forstå kjende ord og frasar og heilt enkle setningar i samtalar om det kjende og nære
- oppfatte hovudinnhaldet i svært enkelt formidla informasjon i ein kjend kontekst
- forstå heilt enkle meldingar, beskjedar, instruksjonar og tilvisingar til stad når dei er retta direkte mot deltakaren sjølv

- forstå tal og uttrykk for mengde, prisar og opplysning om tid
- oppfatte svært enkel informasjon om kjende emne frå auditivt og audiovisuelt materiale
- forstå enkelte uttalevariantar og dialektvariantar av nokre av dei aller mest frekvente orda i den lokale dialekten (for eksempel personlege pronomen)
- bruke nokre svært enkle lyttestrategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein svært enkel kontekst eller med bakgrunn i likskapar med andre språk deltakaren snakkar

A1 lese

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne lese og forstå ord, setningar og korte, svært enkle tekstar om kjende daglegdagse emne. Deltakaren kan ha behov for kontekstuell støtte.

Deltakaren skal kunne

- kjenne att kjende namn, kjende ord og svært enkle frasar i enkle autentiske tekstar, for eksempel skilt, oppslag, informasjonstavler, nettsider, tabellar og reklamar
- lese og forstå svært enkle setningar i korte, enkle meldingar og beskjedar
- lese og forstå korte, illustrerte instruksjonar som er svært enkelt formulerte
- få eit inntrykk av innhald som er formidla i eit enkelt språk i svært enkle autentiske informative tekstar, spesielt dersom det er støtte i illustrasjonar
- lese og forstå svært enkle, tilrettelagde informative og skjønnlitterære tekstar, spesielt dersom det er støtte i illustrasjonar
- bruke nokre enkle lesestrategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein svært enkel kontekst eller med bakgrunn i likskapar med andre språk deltakaren kjenner

A1 skrive

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne kommunisere skriftleg ved hjelp av enkle ord, svært enkle frasar og setningar om kjende, daglegdagse emne og behov.

Deltakaren skal kunne

- skrive svært enkelt om seg sjølv og nære forhold, slik som kvar ein bor, kva ein gjer, og kva ein liker og ikkje liker
- beskrive personar, stader og gjenstandar på ein svært enkel måte
- skrive og svare på svært enkle meldingar om konkrete, kjende emne og personlege behov
- skrive og kommentere innlegg på ein svært enkel måte i digital kommunikasjon
- fyller inn nokre personlege opplysningar i svært enkle skjema, for eksempel på nettstader og i appar
- bruke tal i for eksempel dato, klokkeslett, mengde og pris i skriftlege tekstar
- vidareformidle innhald i bilete og svært enkle, tilrettelagde tekstar

A1 munnleg

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne bruke svært enkle frasar og setningar for å snakke om seg sjølv og nære forhold. Deltakaren skal kunne delta i svært enkle, kjende munnlege samhandlingssituasjonar i dagleglivet når samtalepartnaren snakkar langsamt og tydeleg og er støttande.

Deltakaren skal kunne

- bruke svært enkle frasar for å fortelje om seg sjølv og sin eigen bakgrunn
- fortelje om og beskrive personar, gjenstandar, stader og gjeremål ved hjelp av ord og enkle frasar eller setningar
- gi uttrykk for eigne behov i daglegdagse samhandlingssituasjonar på ein svært enkel måte
- samtale om kva ein liker og ikkje liker, ved å bruke nokre faste frasar og svært enkle setningar
- stille og svare på svært enkle, direkte spørsmål om personlege forhold og emne frå dagleglivet
- svare på enkle, direkte spørsmål om seg sjølv på ein svært enkel måte i ein intervjusituasjon
- bruke korte, innøvde frasar som passar i daglegdagse samhandlingssituasjonar som for eksempel å takke, helse og ta farvel
- bruke tal og uttrykk for tid, mengder og prisar i daglegdagse samhandlingssituasjonar
- formidle vidare svært enkel informasjon om tid og stad
- formidle vidare innhaldet i bilete og svært enkel munnleg informasjon
- samarbeide om svært enkle oppgåver ved å komme med forslag, vise om ein forstår eller treng oppklaring, og spørje om andre forstår

Kompetansemål for nivå A2 (basisbrukar)**Nivåbeskriving A2**

På nivå A2 kan deltakaren forstå klart, enkelt språk og uttrykke seg enkelt om kjende emne knytte til eigen person, nære omgivnader, opplæring og arbeids- og samfunnsliv. Deltakaren kan delta i enkle, kjende samhandlingssituasjonar dersom samhandlingspartnarane tilpassar språket og er innstilte på å hjelpe.

A2 lytte

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne forstå vanlege ord og ytringar om kjende emne knytte til eigen person, nære omgivnader, opplæring og arbeids- og samfunnsliv når det blir brukt eit enkelt språk i langsam, tydeleg artikulert tale.

Deltakaren skal kunne

- oppfatte temaet i korte, enkle samtalar
- forstå enkel informasjon om eit kjent emne med visuell støtte, for eksempel ein presentasjon

- forstå hovudinnhaldet og enkelte detaljar i korte, enkle meldingar, beskjedar, instruksjonar og tilvisingar til tid og stad
- oppfatte viktig informasjon om kjende emne frå korte auditive og audiovisuelle klipp, for eksempel nyheitssendingar, dersom det blir snakka sakte og tydeleg
- forstå nokre uttalevariantar og nokre vanlege dialektord og -uttrykk ein møter i dagleglivet
- bruke nokre enkle lyttestrategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein enkel kontekst

A2 lese

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne lese og forstå korte, enkle tekstar om kjende emne knytte til eigen person, nære omgivnader, opplæring og arbeids- og samfunnsliv.

Deltakaren skal kunne

- søke etter, finne og forstå spesifikk, føreseieleg informasjon i enkle, autentiske tekstar, for eksempel nettsider, brosjyrar, annonsar, skilt og oppslag
- lese og forstå enkle meldingar, brev, e-postar og innlegg på sosiale medium
- lese og forstå korte instruksjonar som er enkelt formulerte og gjerne illustrerte
- lese og forstå hovudpunkt i korte, enkle nyheitsmeldingar og enkle, tilrettelagde faglege tekstar
- lese og forstå hovudtrekk i enkle, samansette tekstar som inneheld svært enkle diagram og tabellar
- lese og forstå svært enkle skjønnlitterære tekstar
- bruke nokre enkle lesestrategiar, som å utleie betydninga av konkrete, daglegdagse ord ut frå ein enkel kontekst

A2 skrive

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne bruke frasar og enkle setningar for å kommunisere skriftleg om kjende emne knytte til eigen livs-, opplærings- og arbeidssituasjon.

Deltakaren skal kunne

- skrive enkelt om eigen bakgrunn, opplevingar, interesser og framtidsplanar
- notere nokre stikkord frå for eksempel eit møte eller ein enkel presentasjon om eit kjent emne
- beskrive personar, stader og aktivitetar på ein enkel måte
- skrive og svare enkelt på meldingar, invitasjonar, forslag og gratulasjonar, og skrive og kommentere innlegg i digital kommunikasjon på ein enkel måte
- skrive korte og enkle e-postar og personlege brev

- fylle inn opplysningar i dei vanlegaste skjema i ein møter i dagleglivet, for eksempel i digitale tenester som netthandel, banktenester, påmeldingar og bestillingar
- presentere eigen kompetanse i ein enkel CV og i eit digitalt skjema
- uttrykke egne meiningar om emne av personleg interesse på ein enkel måte
- vidareformidle innhaldet i bilete og enkle tekstar

A2 munnleg

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne bruke enkle frasar og setningar for å snakke om kjende emne knytte til eige liv, opplæring og arbeid. Deltakaren skal kunne delta i enkle, kjende munnlege samhandlingssituasjonar i dagleglivet når samtalepartnaren snakkar langsamt og tydeleg og er innstilt på å hjelpe.

Deltakaren skal kunne

- fortelje enkelt om eigen bakgrunn, kompetanse, ønske og planar for framtida
- beskrive og fortelje om personar, gjenstandar, stader, hendingar og gjeremål på ein enkel måte
- gi ein kort, enkel, førebudd presentasjon om eit kjent emne, både med og utan bruk av digitale verktøy
- gi enkelt uttrykk for egne behov, meiningar og kjensler i daglegdagse samhandlingssituasjonar
- delta i enkle samtalar om hendingar, opplevingar og praktiske gjeremål i daglegdagse samhandlingssituasjonar
- svare på enkle spørsmål om seg sjølv i ein intervjusituasjon
- komme med og svare på invitasjonar, forslag, gratulasjonar og unnskyldningar, og bruke enkle, vanlege høflegheitsfrasar
- formidle vidare enkel, konkret informasjon frå for eksempel klare, tydelege beskjedar og instruksjonar
- formidle vidare innhaldet i bilete og enkel munnleg informasjon
- samarbeide om enkle oppgåver ved å komme med forslag, spørje kva andre meiner, og be om repetisjon eller omformulering
- bruke enkle strategiar for å innleie, oppretthalde og avslutte ein kort samtale
- bruke enkle strategiar for å kompensere for manglar i ordforrådet, for eksempel ved hjelp av kroppsspråk eller ord frå andre språk som deltakaren kan

Kompetansemål for nivå B1 (sjølvstendig brukar)

Nivåbeskriving B1

På nivå B1 kan deltakaren forstå klart og relativt enkelt språk og uttrykke seg forståeleg og samanhengande om emne knytte til eigen livs-, opplærings- og arbeidssituasjon, kjende samfunnsaktuelle tema og tema av personleg interesse. Deltakaren kan utan å vere førebudd delta i dei fleste samhandlingssituasjonar dersom samhandlingspartnarane uttrykker seg tydeleg.

B1 lytte

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne forstå hovudinnhaldet og enkelte spesifikke detaljar i tale om kjende emne knytte til eigen livssituasjon, opplæring, arbeids- og samfunnsliv og emne av personleg interesse når det blir snakka tydeleg og med moderat talehastigheit.

Deltakaren skal kunne

- forstå hovudpoeng og enkelte spesifikke detaljar i samtalar og diskusjonar om emne ein kjenner
- følge med i klare og strukturerte framstillingar om kjende emne, for eksempel presentasjonar, foredrag eller forteljingar
- forstå spesifikke detaljar i meldingar, beskjedar, instruksjonar og tilvisingar
- forstå hovudpunkt og enkelte spesifikke detaljar i auditivt og audiovisuelt materiale, for eksempel nyheitssendingar, podkastar og filmar
- forstå ein del uttalevariantar og vanlege dialektord og -uttrykk ein møter i dagleglivet
- bruke lyttestrategiar som å forstå ord ut frå konteksten når temaet er kjent, og å gjette seg til betydninga av ord ut frå dei ulike delane ordet er bygd opp av

B1 lese

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne lese relativt enkle tekstar med tilfredsstillande forståing om emne knytte til eigen livssituasjon, opplæring, arbeids- og samfunnsliv og emne av personleg interesse.

Deltakaren skal kunne

- søke etter, finne og forstå relevant informasjon i ulike kvardagslege informative tekstar, for eksempel korte offentlege brev og dokument, nettsider og brosjyrar
- lese og forstå kvardagslege tekstar som brev, e-postar og innlegg på sosiale medium
- lese og forstå klare og greie instruksjonar
- lese og forstå hovudpoeng i enkle nyheitsartiklar og relativt enkle tekstar innan eige fag- og interessefelt og vurdere kor relevant teksten er
- lese og forstå hovudtrekk i samansette tekstar som inneheld enkle grafiske framstillingar, for eksempel diagram
- lese og forstå enkle skjønnlitterære tekstar

- bruke lesestrategiar som å forstå ord ut frå konteksten når temaet er kjent, og å gjette seg til kva eit ord betyr, ut frå dei ulike delane ordet er bygd opp av

B1 skrive

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne kommunisere skriftleg og skrive enkle samanhengande tekstar med ein del detaljerte beskrivingar om kjende emne knytte til eigen livs-, opplærings- eller arbeidssituasjon og emne av personleg interesse.

Deltakaren skal kunne

- skrive enkle samanhengande tekstar om erfaringar, opplevingar, interesseområde, ambisjonar og framtidsplanar som inneheld ein del detaljerte beskrivingar
- notere hovudpunkt frå eit møte eller ein fagleg presentasjon om eit kjent emne, formidla med eit relativt enkelt språk
- skrive korte rapportar knytte til eigen opplærings- og arbeidssituasjon
- beskrive personar, stader, hendingar og opplevingar på ein detaljert måte
- skrive og kommentere personlege innlegg og delta i diskusjonar om kjende emne i digital kommunikasjon
- skrive enkle, formelle e-postar og brev, for eksempel i samband med ein jobbsøknad
- skrive inn opplysningar i ulike typar skjema i digitale tenester ein møter i dagleglivet
- uttrykke og kort grunngi meiningar i enkle samanhengande tekstar
- gi att innhaldet i enkle skjønnlitterære tekstar
- samanfatte og formidle vidare relevant informasjon frå klart formulerte tekstar om kjende emne
- bruke strategiar for å kompensere for manglar i ordforrådet, for eksempel ved å omformulere
- bruke ulike skrivestrategiar, for eksempel for å framheve det ein meiner er det viktigaste i ein tekst

B1 munnleg

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne uttrykke seg enkelt og samanhengande om kjende emne knytte til eige liv, opplæring og arbeids- og samfunnsliv.

Deltakaren skal kunne

- delta i dei fleste munnlege samhandlingssituasjonar i dagleglivet
- fortelje om erfaringar, kjensler, draumar, planar og ambisjonar
- beskrive relativt detaljert personar, gjenstandar, hendingar og opplevingar
- halde ein førebudd presentasjon om eit kjent emne, både med og utan bruk av digitale verktøy

- beskrive eit problem, be om råd og forstå eit klart formulert svar
- fortelje om, forklare og kort grunngi eigne handlingar og planar
- fortelje att handlinga i eit narrativ, for eksempel frå ein film
- starte eller gå uførebudd inn i, oppretthalde og avslutte enkle samtalar og diskusjonar om kjende emne
- presentere seg sjølv og eigen kompetanse og svare på spørsmål i samband med eit intervju
- uttrykke og kort grunngi eigne meiningar i diskusjonar og på møte om kjende emne
- formidle vidare relevant informasjon frå for eksempel beskjedar og instruksjonar
- samarbeide om oppgåver ved å invitere andre til å delta, bidra med innspel, spørje om kvifor nokon meiner noko, og stadfeste ei felles forståing før ein held fram
- bruke strategiar for å kompensere for manglar i ordforrådet, for eksempel ved å fornorske ord frå andre språk han/ho kan
- bruke ulike samhandlingsstrategiar, for eksempel å gripe inn i ein diskusjon om velkjende emne og få ordet ved hjelp av ein passende frase

Kompetansemål for nivå B2 (sjølvstendig brukar)

Nivåbeskriving B2

På nivå B2 kan deltakaren forstå komplekst språk og uttrykke seg sakleg, klart og nyansert om eit vidt spekter av allmenne emne og emne innanfor eige fagfelt og eigne interesseområde. Deltakaren kan uttrykke og respondere på synspunkt og argument og delta i samhandlingssituasjonar med eit så spontant og flytande språk at kommunikasjonen ikkje blir anstrengande for nokon av partane.

B2 lytte

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne forstå hovudinnhald og spesifikke detaljar i tale om allmenne emne og emne knytte til eige fag- og interessefelt når det blir snakka med vanleg talehastigheit, sjølv når talen er språkleg og innhaldsmessig kompleks.

Deltakaren skal kunne

- forstå det meste av det som blir sagt, og oppfatte haldningar og synspunkt i samtalar, diskusjonar og debattar
- følge komplekse argumentasjonsrekker dersom emnet er relativt kjent og overgangane mellom argumenta er tydeleg markerte
- oppfatte hovudinnhaldet i akademiske eller yrkesmessige presentasjonar innanfor eige fag- og interessefelt
- forstå informasjon i meldingar, beskjedar og detaljerte instruksjonar

- forstå det meste av innhaldet i auditivt og audiovisuelt materiale, for eksempel nyheitssendingar, dokumentarar, film og podkastar på ein kjend dialekt
- forstå dialektar når den som snakkar, tilpassar språket ved behov
- bruke ei rekke lyttestrategiar for å klare å forstå, mellom anna prøve å få tak i hovudpunkt og sjekke om han eller ho har forstått budskapet riktig, ved hjelp av signal i konteksten

B2 lese

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne lese med stor grad av sjølvstende og forstå komplekse tekstar i ulike sjangrar innanfor eit vidt spekter av allmenne emne og emne knytte til eige fag- og interessefelt.

Deltakaren skal kunne

- lese og forstå det viktigaste innhaldet i informasjonsutveksling, for eksempel i formelle brev, e-postar og sosiale medium
- lese og forstå komplekse instruksjonar og bruksretteleingar knytte til eige fagfelt
- følge argumentasjonsrekker i ulike tekstar om samfunnsaktuelle tema og frå eige fagfelt
- lese og forstå samansette tekstar som inneheld grafiske framstillingar, for eksempel ulike typar diagram
- lese og forstå eit utval av skjønnlitterære tekstar
- skumlese lange og komplekse tekstar og vurdere relevansen av innhaldet
- søkelese lange tekstar og finne relevante detaljar
- bruke formålstenlege søketeknikkar og lesemetodar for å finne relevant informasjon frå ulike nettstader
- bruke ei rekke lesestrategiar for å klare å forstå, mellom anna prøve å få tak i hovudpunkt og sjekke om han/ho har forstått budskapet riktig, ved hjelp av signal i konteksten
- bruke ulike lesestrategiar for å oppfatte hovudtrekk i ein tekst på den målforma han/ho har minst kjennskap til

B2 skrive

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne kommunisere skriftleg og skrive klare, detaljerte og samanhengande tekstar tilpassa ulike formål, mottakarar og situasjonar om dei fleste allmenne emne og emne innanfor eige fag- og interessefelt.

Deltakaren skal kunne

- skrive klare og detaljerte utgreiande tekstar
- bearbeide, samanfatte og formidle vidare på ein påliteleg måte hovudinndet i komplekse tekstar om emne knytte til eige fag- og interessefelt

- ta formålstenlege notat frå eit møte, ein presentasjon eller forelesing innan eige fag- og interessefelt
- skrive rapportar og referat knytte til eige fag- og interessefelt
- beskrive hendingar, opplevingar og kjensler på ein klar, detaljert og nyansert måte
- uttrykke eigne meiningar og diskutere og kommentere innspel frå andre i digital kommunikasjon
- skrive detaljerte beskjedar, e-postar og brev tilpassa mottakar og formål
- skrive tekstar der ein utviklar eit argument, gir grunnar for eller imot eit bestemt synspunkt og drøftar fordelane og ulempene ved ulike alternativ
- skrive faglege tekstar innanfor eige fag- og interessefelt der ein samanfattar og bruker informasjon frå ulike kjelder kritisk, uttrykker og underbygger eigne synspunkt og trekker konklusjonar
- skrive og bearbeide klare og detaljerte tekstar tilpassa situasjon og formål
- bruke ulike skrivestrategiar tilpassa konteksten, sjangeren og formålet med skrivinga

B2 munnleg

Mål for opplæringa er at deltakaren skal kunne uttrykke seg klart og lett forståeleg om dei fleste allmenne emne og emne knytte til eige fag- og interessefelt. Deltakaren skal kunne delta i dei fleste munnlege samhandlingssituasjonar med eit relativt spontant og flytande språk.

Deltakaren skal kunne

- beskrive erfaringar, hendingar og forventningar på ein nyansert og presis måte
- gi kompleks informasjon og klare, detaljerte instruksjonar og beskjedar
- halde velstrukturerte, førebudde presentasjonar, både med og utan bruk av digitale verktøy
- presentere ei sak eller ei problemstilling og grunngi eige syn på saka ved å utvikle og underbygge argumenta sine med underpunkt og relevante eksempel
- ta initiativ og følge opp det som blir sagt i samtalar og diskusjonar, og bidra til at samtalen flyt
- samtale om mange ulike tema med spontanitet og flyt og tilpasse språket til den aktuelle samhandlingssituasjonen
- presentere seg sjølv og sin eigen kompetanse på ein passende måte og svare utfyllande på spørsmål i samband med eit jobbintervju
- delta i samtalar der ein uttrykker kjensler på ein nyansert måte, framhevar den personlege betydninga av hendingar og opplevingar og responderer på ein passende måte
- argumentere for eigne synspunkt i diskusjonar og møte innan eige fag- og interessefelt på ein sakleg og nyansert måte

- samanfatte og formidle vidare på ein påliteleg måte hovudinnhaldet i kompleks informasjon knytt til eige fag- og interessefelt
- samarbeide om å løyse oppgåver ved å diskutere ulike alternativ, kommentere innspel frå andre og komme med eigne forslag
- takle dei fleste kommunikasjonsproblem ved å omformulere eller unngå vanskelege uttrykk
- innleie, oppretthalde og avslutte ein samtale på ein passande måte, med effektiv turtaking

7. Vurderingsordningar

Norskprøven

Opplæringa i norsk for vaksne innvandrarak blir avslutta med norskprøven.

Norskprøven har fire delprøvar:

- delprøve i leseforståing
- delprøve i lytteforståing
- delprøve i skriftleg framstilling
- delprøve i munnleg kommunikasjon

Kjenneteikn ved språket på dei ulike nivåa

Nivå A1

Kommunikasjon

Deltakaren kommuniserer ved hjelp av enkeltord og svært enkle frasar i daglegdagse situasjonar, med støtte i kontekst. Deltakaren har behov for ein svært støttande samtalepartnar for å forstå og gjere seg forstått.

Ordforråd

Deltakaren har eit elementært repertoar av enkeltståande ord og uttrykksmåtar knytte til eigen person og kjende situasjonar i dagleglivet.

Grammatikk

Deltakaren bruker nokre få, innøvde, grunnleggande grammatiske strukturar.

Tekstopbygging

Deltakaren produserer svært enkle tekstar som består av enkeltord, frasar og enkeltståande setningar. Enkelte gonger bind deltakaren saman ord eller setningar, for eksempel ved bruk av «og» og «eller».

Uttale

Uttalen er svært påverka av andre språk han/ho snakkar, men deltakaren kan gjere seg forstått dersom samtalepartnaren anstrenger seg.

Flyt

Deltakaren produserer svært korte, isolerte ytringar som for det meste er faste, innøvde frasar. Deltakaren har behov for mange pausar for å leite etter ord og uttrykk.

Rettskriving og teiknsetting

Deltakaren skriv nokre vanlege ord riktig eller slik at dei stort sett er forståelege. Skrivemåten speglar ofte uttalen og er påverka av skrivemåten i andre språk. Det er nokre eksempel på enkel teiknsetting, for eksempel punktum og spørsmålsteikn.

Nivå A2*Kommunikasjon*

Deltakaren kommuniserer med enkle setningar i daglegdagse situasjonar og kan oppretthalde ein samtale når samtalepartnaren viser velvilje.

Ordforråd

Deltakaren har eit ordforråd som er tilstrekkeleg for enkel kommunikasjon i daglegdagse og føreseielege situasjonar.

Grammatikk

Deltakaren bruker nokre grunnleggande grammatiske strukturar riktig, slik at det vanlegvis er klart kva han/ho prøver å uttrykke.

Tekstopbygging

Deltakaren produserer tekstar med ein viss samanheng ved hjelp av enkle setningar og for eksempel bindeord og pronomener.

Uttale

Uttalen er stort sett forståeleg sjølv om påverknaden frå andre språk han/ho snakkar, er tydeleg.

Flyt

Deltakaren produserer samanhengande tale, men tar mange pausar for å leite etter ord og formuleringar.

Rettskriving og teiknsetting

Deltakaren skriv ein del vanlege ord riktig. Skrivemåten speglar elles ofte uttalen og skrivemåten i andre språk. Nokre av setningane er markerte med punktum og stor bokstav.

Nivå B1*Kommunikasjon*

Deltakaren kommuniserer forståeleg om kjende emne og kan innleie, oppretthalde og avslutte ein samtale på ein passende måte. Munnleg kommunikasjon føreset at samtalepartnaren snakkar tydeleg, og kommunikasjonen kan vere prega av omformuleringar og gjentakingar.

Ordforråd

Deltakaren har eit stort nok ordforråd til å kommunisere om dei fleste emne dei møter i kvardagen. Feil ordval kan førekomme og forstyrre kommunikasjonen i uvande situasjonar eller når emnet er ukjent eller abstrakt.

Grammatikk

Deltakaren har eit forholdsvis godt grep om grunnleggande grammatiske strukturar og bruker også nokre utbygde frasar og leddsetningar på ein forståeleg måte.

Tekstopbygging

Deltakaren produserer tekstar som det stort sett er lett å følge. Ulike tekstbindingsteknikkar skaper samanheng i teksten.

Uttale

Uttalen er så god at det stort sett er lett å forstå det som blir sagt, sjølv om uttalen kan vere påverka av andre språk han/ho snakkar.

Flyt

Deltakaren uttrykker seg med rimeleg god flyt, men reparasjonar og leiting etter ord, formuleringar og korrekte former førekjem.

Rettskriving og teiknsetting

Deltakaren har eit forholdsvis godt grep om norsk rettskriving og teiknsetting, men det vil vere ein del skrivefeil.

Nivå B2

Kommunikasjon

Deltakaren kommuniserer lett forståeleg om eit vidt spekter av emne og kan ta initiativ og følge opp det samtalepartnaren uttrykker, på ein passende måte. Deltakaren får fram synspunkt og utdjupar dei på ein lett forståeleg måte. Ingen av samtalepartnarane opplever kommunikasjonen som anstrengande.

Ordforråd

Deltakaren har eit stort ordforråd innan sitt eige felt og dei fleste allmenne emne. Deltakaren varierer formuleringane og kommuniserer med stor grad av leksikalsk presisjon. Feil ordval kan førekomme utan at det fører til misforståingar.

Grammatikk

Deltakaren har eit godt grep om grunnleggande grammatiske strukturar, og gjer ikkje feil som fører til misforståingar. Deltakaren varierer setningstypar og bruker ein del komplekse setningar på ein vellykka måte.

Tekstopbygging

Deltakaren produserer samanhengande tekstar som det er lett å følge. Ei rekke tekstbindingsteknikkar skaper god samanheng og struktur i teksten.

Uttale

Uttalen er så god at det er lett å forstå det som blir sagt. Påverknad frå andre språk han/ho snakkar, førekjem, men det har lite eller ingen ting å seie for forståinga.

Flyt

Deltakaren uttrykker seg spontant og med grei flyt, utan forstyrrende pausar. Nøling kan førekomme når deltakaren leitar etter ord og formuleringar.

Rettskriving og teiknsetting

Deltakaren har eit godt grep om rettskriving og teiknsetting, sjølv om det vil førekomme enkelte skrivefeil.

8. Gyldighet og innføring

Læreplan i norsk for vaksne innvandrere er ei forskrift til integreringslova og gjeld frå 1. august 2021. Dei fleste som fekk opphaldsløyve før 1. januar 2021, skal framleis følge introduksjonslova. Det følger av overgangsreglane i integreringslova § 51 og integreringsforskrifta § 72. Desse deltakarane skal gjennomføre 550 timar opplæring i norsk og er ikkje underlagde krava i integreringslova om for eksempel norskmål. Dei kan likevel bli gitt opplæring etter denne læreplanen.

Sjå § 73 i integreringsforskrifta for nærare overgangsreglar for opplæring i samfunnskunnskap.

